

Svar på interpellasjon frå FrP v/Øyvind Bratshaug 6. mars 2019

Eg viser til interpellasjonen frå FrP v/Øyvind Bratshaug der ein ber rådmannen om å starte ein utgreiingsprosess med tanke på at Meland kommune skal bli ein del av prosjektet med statleg finansiering av omsorgstenestene til kommunen, forkorta til SIO.

Ordførar vil ikkje argumentere for eller mot statleg finansiering av omsorgstenestene, ei prestisjesak for regjeringspartiet FrP.

Interpellasjonen er identisk med ein førespurnad som representanten Bratshaug hadde i fellesnemnda i januar-møtet, der han bad programansvarleg om å gjere same utgreiing med tanke på at Alver kommune skulle delta i prosjektet. Dette vart avvist av fellesnemnda av to grunnar. Ein av grunnane var at dette ev. er ei sak for det nye kommunestyret i Alver kommune.

Interpellasjonen er basert på at ein skal utvide forsøket med statleg finansiering av omsorgstenestene med nye kommunar frå 2020, då eksisterer ikkje Meland kommune. Slik ordførar ser det er difor dette ikkje ei sak for Meland kommune.

Eg vil be om at kommunestyret avviser saka, sidan premissane for utgreiinga ikkje er til stades.

Frekhaug, 5.3.2019

Øyvind H Oddekalv
ordførar